

Ettersending av dokument til møte i formannskapet 29. november 2016

- **Vedlegg til PS 230/16** Utviding av barnevernssamarbeid.
Avtale om barnevernssamarbeid mellom kommunane Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda.
- **Vedlegg til PS 229/16** Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.
Innspel frå eldrerådet sitt møte 21.11.2016
Innspel frå FUNK sitt møte 21.11.2016
-

AVTALE OM REGIONALT BARNEVERN SAMARBEID

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen gjeld regionalt barnevern etter barnevernslova. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunlova § 28-1b – administrativt vertskommunesamarbeid, jfr. også kommunelova §28-1 a-k.

Namnet på samarbeidet er Søre Sunnmøre barnevernsamarbeid (SSBS)

2. Deltakarkommunar

Vertskommune er: Volda
Samarbeidskommune er: Ørsta
Hareid
Ulstein

Vertskommune gjer lik, men separat avtale med kvar samarbeidskommune. I tillegg til denne avtalen og tilleggsavtalar, jfr. pkt. 13, regulerer kommunelova kap. 5 vertskommunesamarbeidet. Vertskommunen skal elles gjennomføre verksemda i samsvar med kommunelova, barnevernlova, forvaltningslova og anna regelverk som gjeld for kommunen.

3. Føremål og oppgåver.

Føremålet med samarbeidet er å etablere ei fagleg robust barnevernteneste som sikrar god og brei kompetanse, habilitet og rettssikkerheit i tenestetilbodet. Barneverntenesta skal vere open og tilgjengeleg for brukarane, samarbeidspartane og for ålmenta.

Samarbeidet skal utføre dei oppgåvene kommunen har etter lov om barneverntenester, jfr. § 2-1 og kap. 3 og 4 i lova. Barneverntenesta skal saman med samarbeidspartane ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Mynde og delegering

Kommunestyret i Hareid, Ulstein og Ørsta kommune (samarbeidskommune) delegerer oppgåver og mynde etter barnevernlova til rådmannen i kommunen som skal delegerer dette myndet vidare til rådmannen i vertskommunen. Kommunestyret i vertskommunen delegerer oppgåver og mynde etter barnevernlova til rådmannen i vertskommunen. Delegeringa gjeld avgjerder i enkeltsaker og saker utan prinsipiell verknad, herunder mynde som underinstans i klagesaker.

Rådmannen i vertskommunen kan delegerer myndet etter denne avtalen vidare til barnevernleiar (leiar for det interkommunale barnevernsamarbeidet). Det vert vidare synt til ansvaret og myndet som er lagt direkte til barnevernleiaren etter barnevernlova.

4. Sakshandsaming, underretning, klage mv.

Vertskommunen har det faglege og administrative ansvaret for tenesta, for at sakshandsaminga er fullt ut forsvarleg og følgjer sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, personopplysningslova, arkivlova mv.

Samarbeidskommunen pliktar å gi vertskommunen all informasjon som er nødvendig for handsaming av sakene. Gjensidig informasjon eller innsyn i enkeltsaker mellom samarbeidspartane som er underlagt teieplikt, kan ikkje gjevast vidare utan at det er høve til det etter barnevernlova, forvaltningslova, personvernlova eller kommunelova.

Samarbeidskommunane kan til kvar tid be om å verte orientert om alle forhold som gjeld vertskommunen si utøving av det delegerte myndet. Vertskommunen orienterer partane i saka om at vedtak vert fatta på vegne av ein samarbeidskommune.

Klage over vedtak fatta av vertskommunen følgjer av reglane i kommunelova § 28 f. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klageinstans for vedtak som er gjort etter mynde delegert frå staten.

5. Rapportar

SSBS rapporterer til kommunane om ressursbruk, tilstand og prioriteringar i barneverntenesta i samband med budsjetthandsaminga, tertialrapportar og rekneskap/årsrapport. Ved større avvik i høve til tiltaksbudsjettet skal leiari av barnevernet orientere rådmannen i den aktuelle kommunen snarast råd.

SSBS utarbeider årsrapportar med vedtaksstatistikk og anna relevant statistikk for tenesta som vert å sende til samarbeidskommunane i tråd med rapporteringsrutinar som til ei kvar tid gjeld i samarbeidet.

Vertskommunen har ansvar for å rapportere til fylkesmannen i Møre og Romsdal og til SSB. I denne rapporteringa skal det skiljast mellom kommunane.

Statlege tilsynsrapportar skal sendast til samarbeidskommunen.

Melding om vedtak gjort i vertskommunen, klagesaker, tilsynsrapportar, forvaltningsrevisjon m.m. skal sendast til rådmannen i vedkomande samarbeidskommune utan drying.

6. Informasjon

Leiari for barnevernet har ansvaret for at det faglege samarbeidet med samarbeidskommunane vert utvikla og halde oppe. Vertskommunen har ansvar for informasjon om barneverntenesta i høve samarbeidsinstansar i samarbeidskommunane og utadretta i høve samfunnet.

7. Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28 h, jfr § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 nr 1 overfor verksemda, jfr kommunelova § 28 j.

8. Personalet

Dei som ved oppstart av samarbeidet er tilsett i dei kommunale barneverntenestene (inkl. tenesta for einslege mindreårige flyktningar), vert etter nærare avtale mellom dei tilsette, kommunen og fagorganisasjonane overført til vertskommunen. Dette vert regulert som individuelle avtalar med den enkelte tilsette. Vertskommunen er arbeidsgjevar (inkl. tilsetjingsmynde og personaloppfølging). SSBS følgjer dei retningslinene for tilsette som gjeld for tilsette i vertskommunen. Unntak kan berre gjerast dersom det er avklara med fagorganisasjonen i vertskommunen og rådmennene i samarbeidskommunane.

9. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, ansvar for tilfredsstillande lokale for hovudkontor og driftsmidlar.

Budsjettprosessen startar med eit møte i samarbeidsorganet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommunane og vertskommunen, seinast 01.10 før budsjettåret. Vertskommunen orienterer samarbeidsorganet om årsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret i vertskommunen vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Tiltaksbudsjettet for den enkelte samarbeidskommune og denne sine løyvingar til SSBS vert handsama og godkjent av kommunestyret i denne kommunen.

Kostnaden til administrasjon og drift av tenesta (KOSTRA 244) blir fordelt etter barnetalet 0-17 år i dei 4 deltakarkommunane.

Vertskommunen sine utgifter til støttetjenester (personaladministrasjon, rekneskapsføring, revisjon, IKT mv) vert kalkulert til 2 % av administrasjonsutgiftene året før (KOSTRA 244) og fordelt på deltakarkommunane etter barnetalet i dei 4 deltakarkommunane. Vertskommunen skal i løpet av første heile driftsår syte for ei kvalifisert vurdering av desse utgiftene. Rådmennene i deltakarkommunane kan godkjenne endring av dette punktet i avtalen dersom kartlegginga gir grunnlag for det.

Kostnadene med tiltak (KOSTRA 251 – tiltak i heimen og 252 - tiltak utanfor heimen) skal dekkjast av den enkelte kommune der tiltaket/tenesta vert ytt. Det same gjeld kostnadene med tenesta for einslege mindreårige flyktningar.

Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunane 4 gonger i året. Fakturaen vert utstedt den 15 i månaden for kvart påbegynt kvartal og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventna kostnader med drifta for kvartalet.

Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

10. Lokalisering og organisering av arbeidet.

Samarbeidet vert organisert med eigen leiar underlagt rådmannen i vertskommunen. Det er leiaren sitt ansvar å syte for god kontakt mellom samarbeidet og alle deltakarkommunane. Arbeidet vert organisert ut frå eitt hovudkontor i vertskommunen der alle tilsette er lokalisert. Alle kommunane plikter for eiga rekning å stille tenleg kontor til disposisjon slik at arbeid i høve heimebesøk, samtalar og samarbeidsmøte kan skje i den kommunen der barna bur. Deltakarkommune med einslege mindreårige flyktingar har for eiga rekning ansvar for bustad knytt til denne tenesta.

11. Samarbeidsorgan

Rådmennene i deltakarkommunane, eller dei rådmennene oppnemner, utgjer samarbeidsorgan for det regionale barnvernsamarbeidet. Samarbeidsorganet er eit konsultativt organ utan ansvar eller mynde. Samarbeidsorganet konstituerer seg sjølv og legg sin eigen møteplan. Leiaren i samarbeidsorganet deltek som rådgjevar i prosessen med tilsetjing av barnevernsleiar.

Samarbeidsorganet skal løpande evaluere samarbeidet og ved behov ta initiativ til framlegg til endring av samarbeidsavtalen.

12. Iverksetjing og endring

Denne avtalen gjeld fullt ut frå 01.01.2014. Samarbeidet om drift av stillinga som leiar gjeld frå tiltredingstidspunktet i stillinga.

Endring i avtalen kan gjerast av kommunestyra dersom alle samarbeidskommunane gjer likelydande vedtak. For forhold som berre gjeld ein samarbeidskommune og kommunen sine innbyggjarar, kan denne individuelle avtalen få tillegg som kan avgjerast av vedkomande samarbeidskommune og vertskommunen åleine. Slike tillegg må ligge innanfor mål og ramme for samarbeidet og ikkje føre til nemnande ulempe for dei andre deltakarkommunane.

Rådmannen i vertskommunen og rådmennene i samarbeidskommunane kan gjere avtale om tillegg og endringar denne avtalen så langt det ikkje vedkjem minstekrava til samarbeidsavtale etter kommunelova § 28 e og som kommunestyra sjølv skal godkjenne.

13. Uttreden/oppløysing

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg med eitt års varsel. Avtalen opphøyrer då ved første årsskifte etter at citt år har gått. Vedkomande kommune v/rådmannen kan likevel trekkje attende det delegerte myndet og avslutte det interkommunale samarbeidet med

øyeblikkeleg verknad. Kostnader som dette fører til for det interkommunale barnevernet og dei andre kommunane i oppseiingstida og elles etter dette punktet må då dekkjast av vedkomande kommune åleine.


Dersom ansvaret for barneverntenesta ved opphøyr eller uttreden går attende til ein kommune/kommunane, skal tilsette ved kontoret så langt det er mogleg få tilbod om tilsetjing i den kommunen dei jobba tidlegare. Antal stillingar som kommunane gjekk inn med ved etablering av kontoret skal attendeførast til den enkelte kommune ved opphøyr og uttreden. Stillingar som er tilført kontoret utover dette, samt verdiar og lausøyre skal ved opphøyr/uttreden fordelast etter fordelingsnøkkelen for drifta av kontoret. Det same gjeld framtidig pensjonskostnader, husleige i følgje avtalt leigetid, samt ev andre økonomiske plikter i ev avtalt bindingsperiode.

14. Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen kommune i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemar oppnemnd av tingrettsdommaren på Søre Sunnmøre.


.....Volda den 11.11.2013.....

Vertskommune


.....
For Volda kommune



Samarbeidskommune


.....
For Hareid kommune



Samarbeidskommune


.....
For Ørsta kommune

Samarbeidskommune


.....
For Ulstein kommune





VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Vedlegg til PS 229/16

Økonomistaben

Stormyra 2
6100 Volda

| Arkivsak nr. | Lopenr. | Arkivkode | Avd/Sakshandsamar | Dato |
|--------------|------------|-----------|-------------------|------------|
| 2016/1294 | 13681/2016 | 151 | SVK/ BENTKRO | 24.11.2016 |

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSBUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Vi melder med dette frå at eldrerådet den 21.11.2016, hadde føre ovannemnde som sak 17/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Helse og omsorgssektoren har svært krevjande utfordringar framover, ikkje minst økonomisk. Eldrerådet vil peike på det store gapet mellom sektoren sitt meirbehov for 2017 på 12. mill., og budsjettframlegget for 2017 på 2 mill. auka ressursar. Eldrerådet vil uttrykke uro over manglande ressursar innan helse og omsorgssektoren.

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Henrik Skovly
Andreea Beleuta
Sonja Håvik

Handsaming:

Ass. helse og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om årsbudsjettet for helse og omsorgssektoren.

Innspel frå eldrerådet:

Helse og omsorgssektoren har svært krevjande utfordringar framover, ikkje minst økonomisk. Eldrerådet vil peike på det store gapet mellom sektoren sitt meirbehov for 2017 på 12. mill., og budsjettframlegget for 2017 på 2 mill. auka ressursar. Eldrerådet vil uttrykke uro over manglande ressursar innan helse og omsorgssektoren.

Røysting:

Børtveit møtte under handsaming av denne saka slik at der no vart fem røysteføre. Innspel til årsbudsjett 2017 frå eldrerådet vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016

Helse og omsorgssektoren har svært krevjande utfordringar framover, ikkje minst økonomisk. Eldrerådet vil peike på det store gapet mellom sektoren sitt meirbehov for 2017 på 12. mill., og budsjettframlegget for 2017 på 2 mill. auka ressursar. Eldrerådet vil uttrykke uro over manglande ressursar innan helse og omsorgssektoren.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Vedlegg til PS 229/16

Økonomistaben

Stormyra 2
6100 Volda

| Arkivsak nr. | Lopenr. | Arkivkode | Avd/Sakshandsamar | Dato |
|--------------|------------|-----------|-------------------|------------|
| 2016/1294 | 13680/2016 | 151 | SVK/ BENTKRO | 24.11.2016 |

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSBUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Vi melder med dette frå at Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne den 21.11.2016, hadde føre ovannemnde som sak 17/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Funk etterlyser tiltak i budsjettet for å betre universell utforming og tilgjenge i kommunen, jfr.tidlegare synfaring i sentrum med rådet og kommunal representant i 2015.

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Henrik Skovly
Andreea Beleuta
Sonja Håvik

Handsaming:

Framlegg:

Funk etterlyser tiltak i budsjettet for å betre universell utforming og tilgjenge i kommunen, jfr.tidlegare synfaring i sentrum med rådet og kommunal representant i 2015.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 21.11.2016

Funk etterlyser tiltak i budsjettet for å betre universell utforming og tilgjenge i kommunen, jfr.tidlegare synfaring i sentrum med rådet og kommunal representant i 2015.